

BOKN BYGDABLAD

NR. 10 - DESEMBER 1992 - ÅRG. 7

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

HELSING FRÅ ORDFØRAREN

For fyrste gong på mange år har Bokn hatt auke i folketalet. Sjølv om auken ikkje er så stor, er det ei gledeleg utvikling som gir grunn til optimisme.

Ved årsskiftet var det 738 personar i Bokn og pr. 01.12.92 var det 760. Altså ein auke på 22. Auken kunne vore ennå større dersom alle som har spurt etter husvære hadde fått det. Det er fleire som har henvendt seg til kommunen med spurnad om hybel eller leilighet som diverre ikkje har fått sine ynskje oppfylt.

Nå er det rettnok arbeid igong med å få bygd 5-6 mindre leiligheter til utleige, evt. salg. Anbud på dette arbeidet vil om kort tid gå ut. Men i tillegg vil det vera ynskjeleg at privatpersonar som har ledig husrom til leige, eller har areale som kan innreiast til dette føremålet, tenkjer om dette kan vera noko å satsa på.

Utviklinga i pleie- og omsorgssektoren har det siste året vist at det er sterkt behov for fleire senger på sjukestova. Skal ein ha kapasitet nok for å kunna ta omsorg for alle pleietrengande er arbeidet igong med å få realisert ei utbygging. Målet er å få den nye delen i drift snarast råd i 1993.



Men det er også mange andre oppgåver som skal løysast. M.a. kan nemnast vidare oppussing/utbetring av skulen, fleire barnehageplassar, vidare tilrettelegging av bustadtomter, utbetring av det kommunale vegnettet o.s.v.

Tanken og interessa for å få reist eit grendahus har også fått fornya styrke det siste året. Eg har tru på at me i fellesskap skal makta også den oppgåva. Men her trengst det ildsjeler med pågangsmot.

Også dette året har sett spor etter seg på samferdselssida. Det kan vel ikkje ha forbigått nokon at Rennfast vart opna for trafikk den 30.11. Med det nye ferjesambandet som opna samstundes har Rennesøy vorte vår næraste nabo i sør. Dette opnar for eit nærare samkvem mellom to tidlegare øyfolk på ein heilt annan måte enn før. Ikkje minst på kultursektoren trur eg det kan utviklast eit nyttig og godt samarbeid.

God jul til kvar og ein av dykk.

Helsing Leif.

Toralf Are: JUL I MIN BARNDOM

-Kjære boknarar, unge og gamle. Store og små-.

Då Liv spurde meg om eg kunne tenkja meg å skriva litt for bygdabladet om korleis vi feira jul i min barndom og oppvekst kom eg visst til å svara at eg skulle prøva. Det skulle eg visst ikkje ha gjort, men eit ja er eit ja, og skal haldast. Det er blitt slik med meg at eg minnest betre det som hende for 75 - 80 år sidan enn det som hende i går. Difor får eg prøva å rota litt i tankekista mi og sjå kva eg kan finna:

eg får ta til med førebuinga til julehelga: Då minnest eg i alle fall at mor hadde det travelt. Det skulle gjerast reint i huset, og stor klesvask var det nok. Ikkje minst skulle det sytast for julegåver. Alle måtte få noko nytt til jul. Ho strikka sokkar, lubber og vetter og bolar. Ho sydde skjorter og blusar, kjolar og kåper. Alle måtte ha ei julegåva, elles måtte dei bera "verahodná" som dei sa i den tida. Det skulle bakast lefser, brød og mange andre gode ting.

Så må vi hugsa at dei hadde ikkje det utstyret som vi har i dag. Tenk på baljen og vaskebrettet, torv og kanskje halvra ved. Men dei fekk det gjort.

Vi hadde alltid ein gris som måtte lata livet til jul. Den dagen det skulle skje, var far tidleg oppe. Han skulle varma vatn til skollinga av grisen. Bord til å leggja grisen på og eit stort trau som grisen vart lagd på så snart han var død måtte finnast. Også øks og kniv og fat til å røra blod i. Ingen ting måtte gløymast.

Så kom då tida då grisen skulle ut av bingen. Me ongame

blei redde og stakk fingrane i øyrene, sprang bak låa eller i hagen. Ikkje rart at grisen skreik: band om foten og tryneband. Han stritta imot og ville inn att i bingen sjølsagt.

Det var "Gamleholjer" som var slaktar. Han brynte alltid kniven og øksa godt før han gjekk i gang.

Når så grisen var avliva, var det å få han i trauet og slå kokande vatn over han. Så var det å riva bort all busta som ein kunne få bort, og så ta resten med ein kvass kniv. Ei slags barbering blei det.

Mor var alltid på plass og rørte i blodet for at det ikkje skulle levra seg. Eg ser henne endå for meg då ho låg på knærne og rørte. Når så grisen var skolla og lagd på eit bord, så blei han oppskoren og innvollane skulle ut. Mor var på plass med fater og trau. Tarmene skulle skollast og. Innvollane skulle sorterast og takast vare på.

Så skulle det lagast pølser. Det fekk vi ongame vera med på. Vi drog tarmen inn på pølsehornet og sveiva kjøttkverna. Så kom farsen inn i tarmen og det blei store og fine pølser av det. Eg ser dei for meg.

Det blei også slakta ei gimmer eller ein sau som blei salta ned i baljen.

Å finna juletre var ei vanskeleg sak på Are. Det var ingen skog i den tida, men juletre måtte vi ha. Det var ein holme i nærleiken, Vierholmen kalla vi den. Der vaks det nokre furuer. Der fekk vi skjera nokre greiner. Dei kvesste vi med ein kniv, bora holer i stammen og sette greinene inn. Stundom bruka

einer (bragje), og det blei fine tre. Vi pynta med papirkorgerog papirlenker som vi laga. Så var det stearinlys. Dei lukta så godt når dei blei tende.

Så var det sjølve julefeiringa då: Julafta skulle alle vera reinvaska og oppkledd. Ongane blei bada i ein balje i kjøkenet. Dei vaksne ordna seg best dei kunne.


Julafta var det alltid risengrynsgraut heime på Are. Det kunne nok variera litt kva folk hadde til mat julafta. Nokon hadde torsk eller ribbe. Var vel meir skjeldan i den tida, men alle skulle ha god mat med jul.

Etter maten og juleevangeliet skulle julepresangane delast ut. Alle måtte få ein ting som eg sa tidlegare. Så var det å gå rundt juletreet. Alle dei gode gamle julesongane blei songne. Set var sume uttrykk i songane eg hadde bry med, t.d. "Her kommer din arme små". Då tenkte eg på små armar. Og så denne strofa: "Opplys enhvær i sjel og sinn". Då var tankane mine i sauehuset. Kunne ein ver opplystast i sjel og sinn?

ANDRE JULEDAG VAR DET Å GÅ I KYRKJA: Sidan Bokn var aneks til Tysvær fekk vi ikkje preik første juledag. Då hadde Tysvær retten.

Det blei kveld julafta sjøl om det var gildt. Godt var det å koma til sengs i nyoppreidd seng med ny halm. Høg og god. Då sov vi godt.

Juledagsmorgonen fekk vi også noko ekstra. Kanskje ei julegeit. Ei julegeit er ei sirupskake som er splitta litt i kanten. Set skal førestilla horn. Vi fekk kanskje også andre småkaker. Det smaka godt. Det var ikkje kvardagskost.



- Vi hadde alltid ein gris som måtte lata livet til jul -

Etter jul kom juletreffestane på rekke og rad. Dei to vissaste var losjen og ungdomsforeininga. Dei hadde fest kvar sitt år andre juledagskvelden. Vi gjekk kring juletreet til langt på natt og song julesongane oppatt og oppatt. Vi gjekk par om par kring treet i den tida. Vi gutane gjekk og bau opp jentene mest som dei gjer til dans. Og mange eldre sat rundt på benkene og såg på og fekk veta nytt: Nå var det den og den som gjekk saman.

Fleire lag og organisasjonar heldt fest så vi kunne gå på opp til 6 - 7 festar. Nå er det ikkje møkje igjen av dette. Men så har vi radio og fjernsyn. Det hadde vi ikkje då. Første gongen eg hørde om radio var ein gong far hadde vore i Skudesnes. Der blei han beden inn til ein forretningsmann, og fekk noko på øyrene - sa han - og kunne høyra ei ei dama i England som song. Vi ville ikkje tru det, men det var nok eit av dei første krystallapparata som kom.

Så ønskjer eg alle boknarar God Jul og Godt Nytt År 1993. Tankane mine er ofte i Bokn. Stor forandring er det blitt i seinare tid, og meir vil nok skje i tida framover. Lukke til.

Beste helsing

Toralf Are

FISKESKØYTER I BOKN

Brørne Alfred og Otto Alvestad frå Alvestadkroken byrja som mange andre i ung alder som fiskarar. Dei to dreiv fiske i lag i mange år.

Den første skøyta "Hein" kjøpte dei rundt 1920. Den var kvit i fargen, og dei dreiv sildafiske og brisling og makrellfiske.

I den tida vart det nytta landnøter. Dei gjekk og i fraktfart, kjøpte staur inne i fjordane og selde til bøndene.

Dette fortel Tor - son til Otto Alvestad, som bygdabladet har snakka med.

I 1929 kjøpte dei så skøyta "Orion" og 1/2 part med brislingbruk. Den andre 1/2 prten hadde fabrikk "Nøytral" i Stavanger. Seinare fekk dei overta heile bruket.

Brislingfisket blei drive frå svenskegrensa i aust til Sogn i nord. Råstoffbåtane tok skøytene på slep, for dei gjekk fortare. Då var det slik at dei fekk ta opp 50 skjepper pr. mann, så dei var ofte 10 - 11 som mannskap. Det var to sesongar - sommar og haust. Dei dreiv og med botnagarn på sildafisket med "Orion". Då var dei frå 6 - 8 mann. "Orion" blei seld til Sandve på Karmøy i 1936. Etter nokre år kom ho tilbake til Bokn. Peder og Elisæus Ognøy kjøpte ho. Dei var fylgjar med Otto i mange år på brislingen.

I 1936 kjøpte dei "Havørn". Den var ny, og var bygd ved Nortveit båtbyggeri i Sunnhordland. "Havørn" var 43 fot og hadde 40 HK "Rubb" maskin.

Så begynte dei med to bruk og leigde ei skøyta ei tid. Men i 1942 kjøpte dei seg endå ei nny skøyta: "Aud II". Den kom

frå Risør, var 55 fot og hadde ein 40 HK "Rubb" maskin. "Aud II" lasta 800 hl. og prisen var 18.000,- kroner.

I 1945 fekk dei innstallert ekkolodd på "Aud II". Det var det 4. ekkoloddet her i landet som til då var tatt i bruk. Året etter fekk dei ekkolodd på "Havørn" også. Dette var eit stort framskritt for fiskarane.

Frå ca. 1948 leigde dei og snurpebåtar, men hadde bruket sjølv. Då var det eit mannskap på rundt 22 mann. Reiskapane var det mannskapet som heldt i orden. På ein sundagskveld i sesongen kunne det såleis vera nokså folksomt i Alvestadkroken med kanskje over 100 fiskarar som skulle på sildafiske.


Alfred og Otto dreiv i lag fram til 1956. Då overtok Alfred "Havørn". Dei fekk seg då egne snupefartøy.

Tor kan fortelja at det kunne vera forskjellig som kunne henda om vinteren på fiske. Særleg i krigen når dei kom nedlasta til lands og det verken var fyr eller lys på kaiane. Men det gjekk utruleg godt.

Det var aldri vanskeleg å få mannskap. Mange boknarar var med i åravis. Kan nemna Østen og Peder Hognaland, Erik Ognøy og Johannes J. Våge.

Alfred og Otto Alvestad gjekk mykje under namnet "Bakkerane" frå Bokn. Det var nok fordi heimagarden deira var Bakkjen på Alvestad. Viss du treff på eldre fiskarar i distriktet så kjenner dei "Bakkerane". Dei var dugande og sjølvlerde fiskarar. Mange kjenner seg nok att når me skriv at vinteren var berga når ein fekk hyra hos dei.

L. V.



"Havørn" på grunn utafor Mandal sommaren 1961

BOKN MUSIKKSKULE

JULEKANTATE

Musikkskulen har den glede å invitere deg til julekantaten "JUL PÅ JORD" av Trygve Bjerkrheim og Mons Leidvin Takle.

Det er 4 år sidan sist kantaten blei framført i Bokn, og no vil "gamle" barnekor-medlemmer syngje han for tredje gong saman med Venevil B. på piano, Fredrik F. på bass, Trond F. på slagverk og meg sjølv på trompet.

Forutan unisont, to- og trestemt kor med overstemmar har me heile 7 songsolistar med. Her er folk som har utvikla stemmane sine ganske kraftig sidan sist, og eg garanterer deg ei fin oppleving !

Tekstane bygger på juleevangeliet, og dei 13 songane blir bundne saman av små korte dikt.

Julekantaten blir framført i sin heilhet på skulekorpset sin Lucia-fest 13.12 og på "Pensjonistforeningen" sin graut-fest 14.12.

Jardar

SLEKTERS GANG:

Fødsjar:

- 22.05.92 Vilhelm Martin Våge (Bernhard Våge og Åse Bratthammer).
- 24.06.92 Kristoffer Nilssen (Arild Nilssen og Oddrun Håland Nilssen)
- 16.07.92 Martin Trosnavåg (Artur Trosnavåg og Ragnhild Bakken)
- 11.08.92 Alexander Aksdal Hansen (Leif Gerhard Hansen og Eva Lill Aksdal Hansen)
- 04.11.92 Jente (Leif Kjellesvik og Dagny Helen Grønnestad)
- 14.11.92 Jente (Vidar Grønnestad og Jorunn Schmeichler)

Døde:

- 20.06.92 Conrad Louis Osmundsen
- 20.07.92 Heine Anders Søndeland
- 13.09.92 Hallvard Laupland
- 24.10.92 Metta Are



OPNINGSTIDER:

TIRSDAG: 10 - 13.30

ONSDAG : 16 - 19.00

TORS DAG: 10 - 13.30



LESETIPS VAKSNE

Allende, Isabel:
Den endeløse planen

Beauman, Sally:
Mørk engel

Clancy, Tom:
Overhengende fare


Larsen, Vetle Lid:
I engelens munn

Møller, Arvid:
Dronning Maud

Røsbak, Ove:
Alf Prøysen

Wassmo, Herbjørg:
Lykkens sønn

Cappelens kvinnehistorie



**TA DEG TID TIL
PEPPERKAKER OG KAFFI PÅ
BIBLIOTEKET I JULESTRIA**



**BIBLIOTEKET ER STENGT FRÅ
22.DESEMBER TIL 4.JANUAR.**



BARN/UNGDOM

Bailey, Ted:
De tåpelige stinkdyrene

Belsvik, Rune:
Kjærlleiken er eit filmtriaks


Lindell, Unni:
Fuglefangeren

Lindgren, Astrid:
Pippi vil ikke bli stor

Lorentzen, Karin:
Min venn Zorba

Osland, Erna:
Ellinor

Vestly, Anne-Cath:
Ellen Andrea og mormor





På biblioteket finn du og:

Guinness rekordbok 1993

Sportsboken 1992/93

Torkelsen, Per Inge:
Den store stygge idrettsboka



**BIBLIOTEKET YNSKJER ALLE
GOD JUL OG GODT NYTT ÅR!**

KOMMUNEN SI MARKNADSFØRING

Når ein reiser med Askøy/Bergen sine båtar frå Mekjarvik til Arsvågen skulle ein tru båten starta i Randaberg kommune og enda opp i Tysvær. Lite og ingen ting peiker mot at den nordre endestasjonen er ein kommune som heiter Bokn.

Får ein ei fergerute i hendene, forsterkast inntrykket av at kommunen i sør heiter Randaberg, medan kommunane i nordenden heiter Karmøy eller Tysvær. Eg finn jammen ikkje mykje reklame for Bokn på fergerutene.

Kommunen har rett nok laga eit par brosjyrer opp gjennom åra som skulle marknadsføra kommunen. Problemet er berre at den siste brosjyren viser teikningar av ein stipla veg som skal koma i 1990. Dette kan då ikkje halda mål når alle kommunane rundt oss har ei marknadsføring som tek utgangspunkt i nåtida.

Dei fleste andre kommunar har innsett at det er mykje betre med eit hefte i A5 format enn eit bretta A3 ark. Dei har og forstått at ikkje alle tilreisande kan lesa norsk. Difor har dei vald å satsa på mykje bildestoff med ein kort tekst på norsk, engelsk og eventuelt tysk eller fransk.

Kanskje burde ein setje seg ned og tenka gjennom kva kommunen har å tilby turistar. Er me så sikre på at det er ein speilblank fjord og fint vær som er det einaste saliggjerande? Kanskje kunne eit bilde frå sørvestre delen av Bokn i skikkeleg ruskevær vera vel så bra for å få framande hit. - Kva med store lyngheiar? Karmøy tykkjer det er fint å marknadsføra sin lyng. Kva med at det går an å sjå hjort kloss inntil

vegkanten. Det er vel ikkje så vanleg andre stadar. Kva med eit skikkeleg ferskvatnfiske? Det skryt Høg-Jæren mykje av, sjølv om der er fiskevatn med større og finare aure i Bokn. Kanskje burde ein marknadsføra flugefiske etter aure i januar/februar med fin og biteviljug fisk som resultat. (dersom dei milde vintrane held fram).

Er det ikkje snart på tide å koma frå snakkestadiet og over til å gjera noko med alt preiket. Lat oss nå sleppa å lesa om kor fint det er i Rennesøy eller kor godt med fisk det er i Tysvær når me får nye rutetabellar i eit nytt fergeselskap.

Arvid



EIT RETT VAL FOR NÆRINGSETABLERING
OG BUSETNAD

RENNESØY BAKERI/KONDITORI A/S

tlf. 04 51 36 80

NÅ SOM FERJENE ER PÅ Plass, HAR VI MULIGHETEN
TIL Å BRINGE VÅRE KAKER OG KONDITORVARER
DIREKTE, ELLER Å SENDE DEM MED FERJA.



VI KAN TILBY:

	LITEN	MELLOM	STOR
MARSIPANKAKE	KR 100,-	KR 160,-	KR 200,-
FLØTEKAKE	100,-	160,-	200,-
BOSTONKAKE		160,-	200,-
SLOTTSKAKE		160,-	200,-
GEORGINEKAKE		180,-	220,-
EPLEKAKE M/KREM			140,-
EPLEKAKE U/KREM			120 -

VI HAR OGSÅ BRYLLUPSKAKER OG KRANSEKAKER

CA. KR 20,- I FRAKT KOMMER I TILLEGG

EKSTRA! EKSTRA!

DE 20 FØRSTE SOM BESTILLER INNEN FREDAG
18.12.92 KAN VI TILBY MARSIPAN ELLER
FLØTEKAKER TIL KR 120,- FRAKTFRITT.
(MELLOMSTOR KAKE)

HENTES PÅ FERJA ETTER AVTALE.

Rennesøy
Bakeri/Konditori A/S
Tlf. 51 36 80

FORVENTNINGAR TIL JUL

frå 2. klasse ved Bokn skule

NÅ NARMA JULA SEG og eg GLEDER
MEG.

JULEN ER SNILL. EG ØNSKER FRED
I VERDA.

Vegar Våge

Hei eg heter Berit. Eg er ny i
klassen.

Julen er kjekk. Betlehem
stjarna er stor og flott. Hvis
du setter grøt På trappa, Så
kommer jule nissen og spisar
opp grøten.
Eg har aldri vore jole Bokk.
Eg likar meg i den nye klassen.

Berit Øvrebø

Eg gler meg til jul. Eg skal
gå julebokk. Eg gler meg til å
åpna Julepakkar. Nå nærmer
Jula seg. Eg gler meg til
julenissen komer.

Tone Hognaland

Hei eg heiter Cathrine.

Eg likar å vera julenise. Me
skal reisa til mormor. Vi skal
vera der i jula. Eg skal møte
tante.

Eg har det gøy i dag. God jul!

Cathrine Ørjansen

Eg ønsker meg julepakke.
Det som skal vara oppi er ein
sykkel.

Bjarne Thuestad



Eg heiter Maren eg.
Eg gleder meg til julaften. Er
dere glad i jula?
God jul.

Maren Berge

Eg gledar meg til julefest.
Og gledar meg til når eg skal
vera nisse. Og eg gledar meg
til å få presangar.

Ingleif Kro

Eg er glad i presangar. Og Eg
likar pepper kake. Og julefest
hos morfar. Det er så gøy å
vare hos mofar.

Eg gledar meg til å få
presangar. Eg er 8 år, og eg
heiter Svann Erik. Eg bur på
Bokn, og eg bur på ein gård.
Eg gledar meg til jul.

FORVENTNINGAR TIL JUL ...

Nå nærmar jula seg, og eg gleder meg. Nå er jula snart her, og alle gleder seg. Nå er jula snart her, og pakkane gleder seg.

Lars Morten Kro

Eg skal vera julenisse i år. Men får også gaver. Da eg var liten, var eg redd for julenissen. Julenissen er snill og grei og gavmild. Men me får ikkje gaver når me er stygge.

Roy Alvestad

Eg gleder meg til jul. Eg gleder meg til å få pakke. Eg gleder meg til å skremme julenissen. men eg blir ikkje skremt av meg sjølv i spegelen. Pakker pakker hip hura! Pakker pakker - veldig bra!


Torstein Alvestad

Eg gleder meg til jul. Då får eg jule pakkar og graut. Eg ønsker meg plaimo og lego. Om jula er det snø, då går eg ut og leikar i snøen. Eg lagar snøman, og går på ski. Om jula er det gøy, om jula er det støy!

Øystein Vågshaug

Eg Gleder meg veldig mye til Jul. Og eg er glad i Presang. Og eg likar at julenisen kommer med julePresanger. No er det snart jul. Og Vi Her i 2 klasse skal Ha juleverkstad.

Nina Kristine Solberg





BOKN KOMMUNE

BOKN MUSIKKSKULE
4290 FØRESVIK — TLF. 04-74 85 00

"VISER I HØSTKVELDEN"

Var tittelen på konserten som fylkesmusikerne og Erling Kvarven hadde sammen med lokale musikkskole-folk mandag 16.11 på Boknatun.

Programmet var lagt opp rundt trekkspilleren Kvarven, og vi fikk høre 20 viser fra hele verden med forskjellige besetninger av musiker-gruppa. Her var det flere kjente viser som "Gje meg handa di", "Om kvelden" og "Vårvindar friska", og musikken varmet oss skikkelig i høstmørket.

Fylkesmusikerne hadde repertoaret sitt i to avdelinger, og de kunne selv slappe av og nyte musikken da Venevil tok med seg Lillian Grønnestad, Astrid Våga, Ingri Are og Solveig Marie Skår rundt pianoet. De framførte fikk gjennom 4 innslag høre både fløyte, piano og sang i denne lokale avdelingen, som sluttet med at Venevil spilte "Rondo Amorozo" av Harald Sæverud på piano. Et flott lokalt innslag der elevene greide seg fint, og det må da også være inspirerende å få konserterne sammen med fylkesmusikerne !

Etter en god musikalsk time sluttet konserten med en del Mikis Teodorakis - melodier og allsang. Et godt eksempel på at fylkesmusikerne ikke bare er "stive kunstnere" som spiller en type "uforståelig" musikk. Konserten hadde mye variert og fint å by på. Det var nok de 15 publikummere enige om.

Det hører også med til konserten at pianoet ikke kunne brukes i samspill med trekkspillet. Det var surt og for lavt tross nylig stemming. Noe som tyder på at det ømfintlige pianoet har vært utsatt for uheldig behandling. Heldigvis var ikke veien opp til skolen og musikkskolens keyboard så lang.

Konserten knyttet også fylkesmusikerne nærmere Bokn musikkskole. Kvelden resulterte faktisk i to undervisnings-avtaler der både elever og lærere kan hente kunnskap og inspirasjon til videre bruk på den musikalske veien.

BOKNAVIDEO

Bygdaboknemnda melder at den såkalla Boknavideoen dessverre ikkje vert ferdig til jul.

Arbeidet med å få til ein god video var nok meir tidkrevande enn ein på førehand hadde forutsett, og nemnda vil koma ut med melding når videoen vert lagd ut for sal. Ein reknar med at det blir ein gong i 1993.

OPPMANN

Er nokon interessert i å vera oppmann til dei aldersbestemte fotballaga?


Kontakt Bokn Idrettslag v/
Gunnar Bokneberg
tlf. 04 74 84 79 eller Odd
Magne Olaussen
tlf. 04 74 84 69.

VELLUKKA JUBILEUM PÅ HANDELSLAGET

Styrar Annbjørn Sunde seier til bygdabladet at det var mykje folk innom handelslaget i jubileumsveka i november. Han reknar med at dei selde dobbelt så mykje som på ei normal veke, og det virka som om folk kosa seg i det spesielle miljøet som var laga til med bilder frå gamal tid, laussalg av kandis, rosiner osv., og nedsette prisar. Det var også trekkspelmusikk og hesteskys og smågodt for ungene, noko dei sette stor pris på. Det blei og servert kaffi og kake, og gamaldags påkledning på betjeninga gjorde sitt til at stemninga blei som i "gode, gamle dagar".

RENNFAST I RUTE

Det var kommunalminister Gunnar Berge som åpna Rennfast den 30. november. Med dette har det på ny skjedd ein revolusjon for samferdsla i Rogaland, og særleg for Rennesøy. Men også for Bokn som næraste nabokommune i nord for Rennesøy vil dette få betydning. Ferjereisa over fjorden er korta ned til halvparten, dvs. 25 minutt, og ein vil kunna få heilt andre muligheter til samkvem med Rennesøy kommune på mange felt. For Rogaland fylke er fjorden blitt kortare, og det nye sambandet skulle kunna gi grunnlag for betre og tettare samkvem mellom den søndre og nordre del av fylket.





BOKN KOMMUNE

4290 BOKN

UNGDOMMENS KULTURMØNSTRING

Som i fjor går det også i år ut ei melding til alle unge i Bokn mellom 10 - 19 år.

Ungdommens kulturmønstring (UKM) -93 med tema: "Kultur på tvers", går av stabelen søndag den 24.01.93, og det er sett ein påmeldingsfrist til 31.12.92.

Interesserte kan ringa fritidsleiar for påmelding i tlf. 04 748637 (Hognaland), 04 748500 (arbeid,mandagar) eller 04 748675 (privat).

Du kan gjera alt denne gongen, frå å "knota" på Karmøydialekt til måla., strikka, syngja, mima, teikna, sy, snekra osv. Den einaste som set grenser er du.

Spring til telefonen og meld deg på!

Helsing frå

Olav

FOTPLEIE

Det vert fotpleie onsdag den 13. januar 1993.
Påmelding til sosialkontoret tlf. 04 74 85 00.

HELSESTASJONEN

Helsestasjonen er stengt tysdag 29.12.92.

Helsesøster

LEGE

Kommunelegen vår - Åse Britt Sannes sluttar til jul. Det vil deretter ikkje bli lege før i januar. Fram til det er tilsett ny lege, vil det bli innskrenking på legetenesta. Ein vil koma nærare tilbake med informasjon når dette er klarlagt.

*Med de beste ønsker
om en god jul og et godt nytt år*

SR-BANK Bokn



TV- AKSJONEN 1992

Ved TV-aksjonen i år kom det inn totalt kr. 28.550,- i Bokn. Dette er innkludert ei løyving frå Saniteten på kr. 5.000,- og kr. 5.000,- frå kommunen.

I 1991 kom det inn kr. 29.661 til TV-aksjonen.

Takk til Saniteten som gjorde det meste av arbeidet, SR-bank og gjevarane.

Kommunekomiteen.

Vi ønsker alle våre kunder en riktig god jul og et godt nytt år.

Hilsen

Hårfixen
Studio

Anita & Mona
Tlf. 74 86 05 - 4290 Føresvik

UTLEIE TIL TYSKE TURISTER

Ønsker De å leie ut Deres hytte, hus eller båthus nær sjøen til tyske turister?

Henvend Dem til

IMS FERIENHÄUSER
D - 2121 BRIETLINGEN, TYSKLAND
eller
tlf. 095 498131 84230
Fax: 095 498131 54083

BOKN

Kan noen tenke seg å ville selge oss en hyttetomt ved sjøen?
Ev. kjøp av hytte el.l. er også av interesse.

Henvendelse til:
Irving Brummenæs
tlf. jobb: 04 72 48 99
tlf. priv: 04 71 78 99

BOKN BYGDEBLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune
4290 BOKN
Tlf. 04-748500
Postgirokonto nr. 0806 5 68 45 01
Bankgirokonto nr. 3373.07.00305

BYGDEBLADNEMND:

Ingunn Våge
Arvid K. Jøsang
Liv Vatnaland

REDAKTØR:

Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn.
Utanbygds: kr.100,- pr. år.

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr.300
Halv side:kr.150
1/4 side: kr. 75
1/8 side: kr. 50
Små privatannonsar: kr.10,-.

FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd.
Bladet kjem ut med 10 nr. årleg.

ARRANGEMENT:

13.des. Lucia fest
14.des. Pensjonistforeninga
har grautfest

30.des. Fiskarfest

Bokn Bedehus:

26. des. (2.juled.)
juletefest kl. 19.00
28. des. juletefest frelses
armeen kl. 19.00.
08. jan. Saniteten har
fest for eldre



Gudsteneste:

20.12 kl.19.30 - "Vi syng og
spelar jula inn".
24.12 kl.14.00 Familiegudst.
v/ soknepresten.
26.12 kl.11.00
Høgtidsgudsteneste.

LITT AV KVART:

Takk for all oppmerksomhet ved
min 40 årsdag.

Helga.

Gamle -78 grammofonplater
ønskes kjøpt.

Vidar Grønnestad.

SØNNAK BATTERIER for bil, båt
og traktor og **BATTERILADERE**
forhandles.

- 40% på veiledende priser på
batterier.

Roald Alvestad
tlf. 04 74 83 89
mob. 080 32515

JULETRE OG JULENEK

Bokn Røde Kors Hjelpekorps har
juletrær og julenek for salg.
kr. 150,- for juletre
kr. 25,- for julenek

Bestilling:

04 74 85 54 John Magne
04 74 83 59 Torleif

A&O

NYE TLF.NR.

VIDEO

KONTOR HOGNALAND 04 748637
FAX HOGNALAND 04 748698
OLAV PIVAT 04 748675
ARMAND PRIVAT 04 717373